

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 08.11.2017

**SAKSHANDSAMAR:** Vidar Vie

**SAKA GJELD:** Plan for internrevisjonar i Helse Vest og i Helse Førde

**ARKIVSAK:** 2017/3227

**STYRESAK:** 086/2017

**STYREMØTE:** 24.11.2017

---

## FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering, og ber om at den vert oversend som innspel til internrevisjonsplanen for Helse Vest 2018-2019.

## Oppsummering

Saka legg til rette for innspel frå styret til revisjonsplanane for Helse Vest og Helse Førde. Planane utfyller kvarandre på ein god måte, og dei gjennomførte revisjonsprosjekta gjev kvart år mange viktige læringspunkt til utviklinga av føretaket.

## Fakta

Saka handlar om kva internrevisjonar som skal gjerast i Helse Vest og i Helse Førde det komande året. Helse Vest har to-årige revisjonsplanar som vert rullerte årleg, og har bede om innspel til planen for 2018-2019. Administrerande direktør finn det også rett å leggje fram utkast for revisjonsplan for 2018 for Helse Førde for styret.

### Plan for internrevisjon i Helse Vest 2018-2019

Planen for 2017-2018 har sju prioriterte tema, og nokre av desse er enno ikkje gjennomførte. Det er også slik at nokre tema kan falle ut ved rullering av planen. Administrerande direktør finn ikkje grunn til å peike på nye tema, men meiner det er rett å peike på to aktuelle område som bør vere med vidare:

*Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta* var gjeldande frå 1. januar 2017. Den femnar om eit stort og viktig område, og det er ein kontinuerleg utviklingsprosess å sikre gjennomføringa. Eit revisjonsprosjekt på området kan gje gode læringspunkt for alle føretaka i Helse Vest.

*Avansert oppgåveplanlegging* handlar om god planlegging av den kapasiteten som allereie finst i sjukehusa. Det var ein del av Alle Møter, og planlegging av nærvær, fråvær og oppgåver er også ein føresetnad for mange andre prosjekt. Også på dette området kan sjukehusa ha mykje å lære av kvarandre. Det må vurderast om Riksrevisjonens forvaltningsrevisjon om effektiv bruk av legetenester, dekkjer heile eller delar av dette området.

### Plan for internrevisjon i Helse Førde 2018

Helse Førde har årlege revisjonsplanar som blir vedtekne av kvalitetsutvalet i føretaket. I framlegget til plan for 2018 er det framlegg om fire revisjonar på føretaksnivå og tre avdelingsvise revisjonar. Planen vert vedteke av kvalitetsutvalet 28.11.17.

På føretaksnivå neste år er det planlagt revisjonar innan organisasjon, HR og fag/pasienttryggleik, medan det på avdelingsnivå er planlagt revisjonar innan smittevern, blodbank og mikrobiologi.

## Kommentarar

Internrevisjonane som blir gjennomførte i Helse Vest og Helse Førde, gjev systematiske innspel til viktige forbetringar. Det er viktig å velje ut dei rette prosjekta, og å sikre læring av dei.

Dei lokale og regionale revisjonsplanane supplerer kvarandre på ein god måte. Helse Førde har ein internrevisor, som også har andre oppgåver. Sjølv om også andre ressursar er viktige og blir nytta i stor grad, så er den samla kapasiteten til eigne store revisjonsprosjekt avgrensa. Føretaket har difor stor nytte av dei større systemrevisjonane regionalt. Samstundes gjev revisjonane som blir gjennomførte i Helse Førde kvart år, godt grunnlag for forbetring på mange område.

## Konklusjon

Revisjonsplanane til Helse Vest og Helse Førde, og gjennomføringa av dei, er viktige verktøy for å drive kontinuerleg forbetring av verksemda.

Vedlegg:

Plan for internrevisjon 2018 for Helse Førde

Plan for internrevisjon 2017-2018 for Helse Vest